



Over 1 million er innom Auschwitz i året

Humlepungen Bryggarlag har vore på studietur nummer 7 og denne gongen var Krakow-området målet. Dei fekk mykje utav dei 4 dagane og vitjinga av Auschwitz gjorde sterkast inntrykk.

- Ikkje minst var det grunna stillheiten som rådde der, seier Kristian Olav Bringedal. Ei israelsk gruppe med flagg og seremoniopplegg forsterka inntrykket. Det er 1 million besøkjande innom Auschwitz i året.

Bryggarane kom attende ikveld frå si polske reise.



Det er eit myldrande liv på det berømte torget i Krakow. Mariakyrkja ruvar bak.

Naturleg nok var dei innom eit lokalt og sentralt liggjande bryggeri.

Fyrste dagen gjekk i stor grad med til ei 3 timers byvandring med skandinavisktalende guide og torgområdet Rynek med hornblåsaren i Mariakyrkja imponerte også uskedelingane. Jødekarveret med Schindlertrappa var ein annan stoppestad.

Ei vitjing i dette området omfattar som regel også saltgruvene som bringer ein 327 meter ned og mykje av ein dag gjekk med også til denne posten på programmet. Det mektige kyrkjerommet og alt som er laga av salt saknar sidestykkje.

Gruppa med 8 deltakarar splitta seg noko frå tid til annan. Til dømes overvar nokon katolsk gudsteneste og konsert i ein jødisk synagoge.

I det heile sto ikkje det faglege - altså ølbryggjinga - fyrst på prioritetslista. sjølv om også polakkane har mykje godt øl - til og med ein sort som heiter Lech. Men den er truleg ikkje kalla opp etter Walesa....



Torget er eit av dei vakraste i Europa

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Kjell Magne Haugland



Birkenau - eit dystert minnesmerke